



# ØYGARDEN 2020

Magasin for tilsette i Sund, Fjell og Øygarden



## - Dette skal vi få til!

Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, er optimistisk når vi spør han om korleis det går med framdrifta for den nye kommunen.



## Trainee i Nye Øygarden kommune

I midten av august starta Line Markhus som trainee i Nye Øygarden kommune.



Børge Haugetun

## - Dette skal vi få til!

**Det er ein optimistisk leiar av fellesnemnda som svarar på spørsmål om bygginga av Nye Øygarden kommune. Børge Haugetun overtok som leiar av fellesnemnda etter Kari-Anne Landro den 1. juni.**



Haugetun hadde knapt kome tilbake frå ferien før han på vegner av Øygarden kommune stod i spissen for å markera opning av ombygging av Rong skule, nye Toftøy idrettsbane og ikkje minst Hjeltefjorden Arena på Rong.

- Me er privilegerte som får vera med på dette. Eg er overtydd om at med gode og moderne idrettsanlegg i alle dei tre kommunane vil den nye kommunen stå godt rusta for kultur og idrettsaktivitetar i framtida, seier Haugetun som også ser fram til at ein ny symjehall på Rong står klar til bruk i desember 2019.

Som leiar av fellesnemnda har han eit stort ansvar for at arbeidet med bygginga av Nye Øygarden kommune har god framdrift. I vår vart det ny leingi i prosjektorganisasjonen på Skjenet, og det

er brukt mykje tid på å få tilsett kommunalsjefar. Arbeidet med å få tilsett ny rådmann er også godt i gang. Det har vore ein frisk diskusjon om kommunalsjefane burde vore lyste ut eksternt. Børge Haugetun er tydeleg på at leiinga i den nye kommunen står på trygg grunn i arbeidet med å rekruttera leiarar.

- Vi må i ein prosess som dette tåla debatt og støy. Det er viktig å halda fokus og sikra at vi får ein dyktig rådmann og gode kommunalsjefar. Både i intensjonsavtalen og omstillingsavtalen går det klart fram at alle skal vera sikra arbeid i den nye kommunen. Dette er ei verksemdsoverdraging der alle skal sikrast relevante arbeidsoppgåver. Vi har halde ein stø kurs i dette arbeidet og står på trygg grunn, seier leiaren av fellesnemnda.

## Innhald

- Leiar av fellesnemnda - Dette skal vi få til!
- Kva vil vi med dette bladet?
- God prosjektorganisering skal sikra framdrift
- Tilsette om deira forventning til Nye Øygarden kommune
- Trainee på plass
- Nytt frå fellesnemnda
- Lunsjprat på arealeininga i Sund
- Forventar høgt kvalifiserte søkjarar til rådmannstillinga
- Projectplace som prosjektstyringsverktøy
- Følgjer opp vedtak om eigarskapsmeldinga



Stranda skule, Sund

**Copyright 2018 - Øygarden 2020**

**Trykk:** Molvik Grafisk AS

**Opplag:** 3.550

**Redaksjon:** Vigeik Brekke (red.),

Kaja Pedersen, Jarle Kåre Oen,

Trude Erstad Villanger og

Hildegunn Høyland

**Grafisk utforming:** Monica Hovland

**Foto:** Jøran Ingvaldsen, Kaja

Pedersen, FjellVAR, Sund VA,

Geir Jensen, Egil Olsvold, Monica

Hovland, Kjell Andersland og

Vigeik Brekke.



Dei tre ordførarane stod for den offisielle opninga av Hjeltefjorden Arena den 22. august. Frå venstre; Remi Oen, Kari-Anne Landro (ordførar Sund), Børge Haugetun (ordførar Øygarden), Marianne Sandahl Bjorøy (ordførar Fjell) og Ottar Vik.



Kulturleiar i Øygarden Christel Møvik-Olsen og kor frå Blomvåg skule.

Han forsvarar intern utlysning av kommunalsjefane som utgangspunkt og viser til at i andre tilsvarende prosessar er det berre unntaksvis at det er gjennomført eksterne utlysingar.

- Tilsetjingsutvala har frå starten av hatt dei nødvendige fullmaktene til å vurdere korleis rekrutteringa skal gjennomførast. Internt utlysning var målsetjinga, men tilsetjingsutvala har frå starten av hatt høve til å gjennomføra ekstern utlysning. Når ein no lyser ut stillingane internt, er dette heilt i samsvar med mandatet for tilsetjingsutvala. Det er framleis sterke aktuelle interne søkjarar til desse stillingane. Det er altså ikkje press utanfrå som er bakgrunn for at ein no lyser ut kommunalstillingane eksternt. Eg vil likevel leggja til at for samanslåingsprosessen har støyen knytt til tilsetjingsprosessen vore uheldig, seier Haugetun.

- Kva vil du seia til tilsette som gjerne kjenner på ein uro over kva framtida i ein ny kommune vil bringa?

- Det er fullt ut forståeleg at ein del kjenner på uro for det som ligg

framfor. Men hugs at midt i dette skal vi få vera med på å skapa noko nytt. Nye Øygarden kommune vert ein spennande kommune å arbeida i, og vi vert den nest største kommunen i det nye fylket, Vestland. Vi har eit sterkt fokus på interessene til dei tilsette, og vi skal gjera det vi kan for at du som tilsett vil få ein god og trygg arbeidsplass i den nye kommunen. Det må også nemnast at for mange tilsette vert det liten endring i arbeidssituasjonen når den nye kommunen er ein realitet frå januar 2020.

Børge Haugetun set stor pris på det gode samarbeidet mellom ordførarane og at fellesnemnda med samlande vedtak gjev god ryggdekning i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune.

- Det er eit godt samarbeid med rådmennene, og eg vil gjerne gje ros til prosjektrådmann Rune Lid som i ei krevjande tid har teke ansvar ved å leia prosjektet. Eg er også glad for det gode samarbeidet med dei tillitsvalde, seier Børge Haugetun.

## Kva vil vi med dette bladet?

Med bladet Øygarden 2020 ønskjer prosjektleiinga for Nye Øygarden å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vert gjort i samarbeid med representantar frå organisasjonane til dei tilsette. I dette bladet prioriterer vi informasjon som er relevant for dei tilsette i Sund, Fjell og Øygarden.

Øygarden 2020 skal etter planen koma ut med fire årlege utgåver fram til utgangen av 2019. Oppdatert informasjon vil du finna på: nyeoygardenkommune.no og Facebook-sida vår.

# Rune Lid: - God prosjektorganisering skal sikra framdrift

**Rådmennene og tilsetjingsutvala har dei siste månadene brukt mykje tid på arbeidet med å rekruttera kommunalsjefar. I første omgang vart stillingane lyste ut internt. I månadsskiftet august/september avgjorde tilsetjingsutvala at alle dei fire kommunalsjefstillingane skal lysast ut eksternt.**



*Prosjektrådmann Rune Lid er oppteken av å prioritera oppgåver og prosjekt som sikrar framdrift. Til venstre; rådmann i Øygarden, Siri Fahlvik Pettersen og til høgre; Lillian Torsvik, som representerer rådmannen i Fjell i rådmannsgruppa.*

Stillingane som kommunalsjef for oppvekst, helse og velferd, kultur og samfunn og organisasjon og digitalisering er lyste ut eksternt med søknadsfrist 10. oktober.

- Vi skulle gjerne hatt kommunalsjefane på plass allereie, men tilsetjingsutvala arbeider så raskt og grundig dei kan for å få stillingane på plass. Vi var førebudd på at det kunne oppstå ein situasjon der ikkje alle kommunalsjefane var på plass i august/september. Men vi har hatt planar for korleis vi skal sikra framdrift i arbeidet med å byggja den nye kommunen om vi skulle koma i ein slik situasjon, seier prosjektrådmann Rune Lid.

## **Mellombelse prosjektleiarar**

Etter planen skal kommunalsjefane vera delprosjektleiarar for dei arbeidsfelta dei skal leia. Sjølv om ikkje alle sjefane er på plass i haust, stoppar ikkje arbeidet opp.

- Fram til kommunalesjefane er på plass, må vi nytta mellombelse leiarar som skal leia delprosjekta. Arbeidet med å rekruttera desse er noko av det viktigaste vi arbeider med no, seier Lid.

Nokre har gjeve uttrykk for at det var få søkjarar til kommunalsjefstillinga. Rune Lid ser annleis på det.

- Etter min oppfatning har det vore bra søknad til stillingane. Det ligg på nivået med andre kommunesamanslåingsprosessar som vi kan samanlikna oss med. Det kom søknader frå både leiarteama til rådmennene i dei tre kommunane og frå nivå 2. Det er eg glad for, seier prosjektrådmannen.

Som oppfølging av vedtak i fellesnemnda er det utarbeidd ein overordna organisasjonsplan. Eit sentralt organ er overordna styringsgruppe. Denne gruppa er samansett av tillitsvalde, verneombod, rådmennene og delprosjektleiarane. Under overordna styringsgruppe er det plassert fem delprosjektarbeidsgrupper fordelt etter ulike arbeidsområde.

- Vi legg opp til at overordna styringsgruppe har møte ein gong i månaden. Dette vert eit viktig organ for å sikra framdrift og rett prioritering. I denne styringsgruppa får vi til god medverknad og involvering med dei tillitsvalde og vernetenesta. Dette er heilt avgjerande for å lukkast. I første omgang skal vi prioritera dei oppgåvene som er nødvendig for å sikra framdrifta, seier Rune Lid.

# Kva forventning har du til Nye Øygarden kommune?

## Merete Nygård Ingebrigtsen

PPT-rådgjevar | Sund kommune



*Eg har høge forventningar og gler meg til Nye Øygarden kommune. Det blir spennande med ny PP-teneste som held fram med å setja barn og unge i sentrum, og eit nært samarbeid om kompetanseheving og organisasjonsutvikling saman med barnehage og skule i heile kommunen. Me ynskjer å halda fram arbeidet med kunnskapsbasert praksis, utøvande tenester og tidleg innsats i samsvar med kvalitetskriteriene til Udir.*

## Knut Ove Ekren

Leiar for økonomi og løn | Sund kommune



*Vi ser fram til eit større fagmiljø der ein som organisasjon vert mindre sårbare og kan yta betre tenester. Vi forventar varierte og spennande arbeidsoppgåver, der det er rom for faglig utvikling. Vi håpar og trur på eit framleis godt arbeidsmiljø og gler oss til å bli kjent med nye arbeidskollegaer.*

## Kristine Buschmann Turøy

Fagarbeidar kontorlag | Øygarden kommune



*Eg trur dei kommunale tenestene blir betre i Nye Øygarden kommune. Alle fagmiljø vert styrkte og kommunen vert dermed meir robust. Me kan såleis tilby innbyggjarane varig god kvalitet på tenestene i åra som kjem.*

## Liv Edel Mikkelsen

Kulturkonsulent | Øygarden kommune



*Eg ser fram til at det blir eit større fagmiljø der det er fleire medarbeidarar å spela på. Dermed får me ei betre arbeidsfordeling og ein samla høgare kompetanse. Eit utvida og større fagmiljø vert også mindre sårbart og kan stå imot fråvær, ferieavvikling og uføresette hendingar.*

## Jan-Atle Jacobsen

Rådgjevar, Bustadkontoret | Fjell kommune



*Eg håpar at ein og i Nye Øygarden kommune skal halda fram arbeidet med ein heilskapleg og målretta bruk av bustadsosiale verkemiddel. Eg sjølv håpar å få halda fram dette viktige arbeidet saman med mine dyktige og gode kollegaer på Bustadkontoret. Det er viktig at ein tenkjer som ein kommune og har eit godt og velfungerande samarbeid mellom dei ulike avdelingane. Eg håpar at tillitsapparatet og leiinga finn gode løysningar for dei tilsette.*

## Tonje Fluge

Jordmor | Fjell kommune



*I dag jobbar det åtte dyktige jordmødrer i Fjell, Sund og Øygarden som ivaretar gravide i svangerskapsomsorg og barselfamiliar i jordmorheim. Eg har forventningar til at den nye storkommunen skal knyta jordmødrene saman under felles leiing og som kan driftast frå lokale- og ein sentral base. Ønsket er å halda fram det førebyggjande arbeidet, sikra vårt gode tilbod til familiar med ekstra behov, og tilby ambulante heimetenester til alle familiane og ha tilbod til gravide i jobb.*





## Trainee i Nye Øygarden kommune

I midten av august starta Line Markhus som trainee i Nye Øygarden kommune. Markhus har nyleg fullført mastergrad i innovasjon og leiing på Høgskulen på Vestlandet. Masteroppgåva handla om mellomleiarar som innovasjonsleiarar i kommunal sektor.

- Eg søkte traineestillinga for å få ein sjanse til vera med på det unike med å byggja ein ny kommune, og eg er svært glad for at fekk denne eittårskontrakten med Nye Øygarden kommune. Det offentlege er ein spennande sektor som er undervurdert. Med tanke på masteroppgåva mi får eg vera med på noko som ligg tett opp til utdanninga mi, seier Line Markhus.

Den nye medarbeidaren skal følgja trainee-opplæring og diverse seminar og kurs gjennom Bergen Næringsråd.

- Grensesnittet mellom IKT og menneske er spennande, og i utdanningsløpet opplevde eg omstilling og endring som eit spennande felt, seier Line Markhus.



Kystmuseet på Oen, Øygarden



Kolltveitvatnet, Fjell

# Nytt frå fellesnemnda

## Juni


- Fellesnemnda vedtok at tilsetjingsutvalet, som fellesnemnda har peika ut til å tilsetja rådmann i den nye kommunen også får mynde til å tilsetja Rune Lid i aktuell kommunalsjefstilling. Prosjektrådmannen og rådmennene får mynde til å etablere administrative tilsetjingsutval.
- Skisse til kvalifikasjon og framdriftsplan for tilsetjing av rådmann vart godkjent.
- Fellesnemnda gjorde vedtak knytt til sluttrapport for eigarskapsmodellar. (Sjå eiga sak)
- Framlegg til overordna administrativ organisering vart godkjent. Fellesnemnda slutta seg til ein tonivåmodell med rådmann og fem kommunalsjefar; tre for tenesteområda og to for stab- og støttefunksjonar. Dei tre tenesteområda er 1) oppvekst, 2) helse og velferd og 3) kultur og samfunn. Dei to støttefunksjonane vert leia av kommunalsjef for organisasjon og digitalisering og kommunalsjef for økonomi.
- Fellesnemnda vedtok politisk styringsstruktur med formannskap, to hovudutval og kontrollutval. Dei to hovudutvala får namna hovudutval for miljø- og stadutvikling og hovudutval for tenester og levekår. Utvalet som har arbeidd med denne saka, vert bedne om å skissera opp modellar for korleis eit oppgåveutval (etter mønster frå Gentofto i Danmark) kan byggjast opp for Nye Øygarden kommune.
- Det vart løyvd 260 tusen kroner til marknadsføring, profilering og kommunikasjon for arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet.
- Fellesnemnda ønskjer å gå vidare i dialog med fylkeskommunen om to alternativ for lokalisering av ny vidaregåande skule i Straume/Bildøynaområdet. Dei to alternativa er tomt 41 Bildetangen og tomt 45 Stovevatnet på Straume.
- Det vart løyvd 200 tusen kroner ekskl. mva. til prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune».
- Fellesnemnda vedtok endringar i 64 adressenamn i Nye Øygarden kommune i samsvar med tilråding.

## September

- Fellesnemnda valde eit valstyre på ni medlemmer som skal ha ansvaret for gjennomføringa av fylkes- og kommunestyrevalet i 2019. Valstyret vert samansett av maksimalt ni medlemmer, tre medlemmer frå kvar kommune. Ordførarane utgjer tre av medlemmene i valstyret.



Steinsland kai, Sund



Foldnes kyrkje, Fjell

# Lunsjpraten: - Sjølve tenesta er det mest interessante

**Kommunesamanslåinga vil påverka dei tilsette på ulikt vis, og det vil vera skilnad på korleis tilsette tenkjer om samanslåing og kva forventningar dei har til den nye kommunen, både som tenesteytar og arbeidsgjevar.**



Frå venstre; Mona Rabben, Gro Elisabeth Hjørnevik, Natalie Sæberg, Ole Karsten Midtgård og Anne-Grethe Hagenes. Til høgre; Hildegunn Høyland (Fagforbundet, HTV)



På biletet til høgre ser du også Jannike Midttveit. Også Sigridd Midttveit og Steffen Molnes var med på lunsjpraten.

Vi tok seg ein uformell lunsjprat med arealeininga i Sund kommune. Det einaste arealavdelinga fekk vita i forkant når vi inviterte oss sjølv på besøk, var at vi ville snakka om arbeidet med å byggja den nye kommunen. Målet var å finne litt meir ut av kva dei tilsette er opptatt av.

Det var ikkje vanskeleg å få praten i gang.

- Vi veit at vi vert svært berørte og at vi vert ein del av ei større teneste. Førebels «lever» samanslåinga på eit overordna nivå. Avdelinga har snakka om viktige saker som administrativ struktur, men like fullt er sjølve tenesta det mest interessante og viktige for avdelinga, seier dei som er samla til lunsj denne dagen.

Dei er opptekne av spørsmål som kvar det skal verta av «meg». Kva med mi erfaring? Kvar vert «eg» plassert? Vert eg høyrte? Korleis vert erfaringar fanga opp?

Det er god stemning rundt lunsjbordet. Dei tilsette deler etter kvart mange tankar. Dei seier at dei trur på gode løysingar.

- Medverknad må til dersom vi skal effektivisera og finna gode løysingar som gir økonomisk gevinst, seier dei.

## Større fagmiljø

Fleire peikar på at arbeidsgrupper må starta arbeidet. Det er mykje arbeid som skal gjerast, så dei ser for seg at ein må jobba med fleire prosessar parallelt. Nokre uformelle møteplassar er allereie etablerte. Praten pensar meir over på fag.

- Me er alle positive til eit større fagmiljø, kjem det frå fleire rundt bordet.

Nokre av dei peikar på at vi har dårleg tid og at vi må bruka tida fornuftig og grundig i parallelle prosessar og starta arbeidet med faget. Dei tilsette må få jobba saman om faget i arbeidsgrupper for å konkretisera kva som er det beste å ta vidare frå kvar kommune. Erfarne tilsette må få koma med innspel til sjølve tenestene frå sitt fagmiljø, med innspel og forslag til oppgåveløysingar.

- Det vert spennande om mi erfaring vert fanga opp og korleis det vil påverka faget, seier ein av dei tilsette.

Rundt bordet snakkar dei tilsette om kjente skilnadar mellom kommunane i dag. Det handlar om storleik på tenesta, organisering og at ein jobbar ulikt.

- No jobbar vi i Sund som generealistar og er lite spesialiserte. Korleis vert det i Nye Øygarden kommune? undrar fleire seg rundt bordet.





Utsikt mot Bildøyna/Foldnes, Fjell

## Søkje råd hjå andre

Val av fagsystem vert veldig viktig. Ein veit i dag at dei tre kommunane har ulike system. For gode tenester er det avgjerande å gjera god val når det gjeld system. Her er dei svært opptekne av at dei som er brukarar av systema får medverka og dela erfaringane sine.

- Vi må samstundes søkja råd hjå andre kommunar som ligg framfor oss i løypa. Det er viktig å finna gode løysingar på val av system, og det er semje om at det billigaste ikkje treng å vera det beste. Vi meiner det er viktig å henta erfaring frå andre kommunar, peikar dei på.

Kart og oppmåling jobbar uoffisielt for å verta kjent med systema i dei ulike kommunane og omliggjande kommunar.

- Særleg for byggjesak er det spesielt viktig å finna det beste systemet. Vi er spente på korleis ein vil tenkja om fullmakter i den nye kommunen, seier dei.

Som besøkande til arealeininga i Sund, opplevde vi ei gruppe som er positive til å få eit større fagmiljø, men som samstundes er utålmodige etter å bidra meir i arbeidet med Nye Øygarden kommune.

*HTV for Fagforbundet i Sund, Hildegunn Høyland  
Personalleiar i Sund, Kaja C. Pedersen*



Tyssøy, Sund

# Forventar høgt kvalifiserte søkjarar til rådmannsstillinga

**Fristen for å søkja rådmannsstillinga i Nye Øygarden kommune gjekk ut den 12. september. Då dette bladet gjekk i trykken var ikkje søkjarlista klar.**

Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, opplyser at det har vore god interesse for stillinga. Fleire tok kontakt før fristen gjekk ut, og det har kome inn godt med søknader fram mot søknadsfristen. Haugetun forventar høgt kvalifiserte søkjarar til stillinga.

- Det er attraktivt og spennande å verta rådmann i den nest største kommunen i det framtidige Vestland fylke. Tilsetjingsutvalet er oppteken av å gjennomføra ein grundig og god prosess, og me legg til grunn at rådmannen er på plass rundt årsskiftet slik framdriftsplanen viser. Det viktigaste er at vi får den rette personen på plass i denne viktige stillinga, seier Børge Haugetun.

Tilsetjingsutvalet er samansett av dei tre ordførarane; Børge Haugetun (Øygarden), Kari-Anne Landro (Sund) og Marianne Sandahl Bjørøy (Fjell), Odd Bjarne Skogestad og tre tillitsvalde; Hildegunn Høyland, Einar Lunde og Vibecke Hodnekvam. Tilsetjingsutvalet har i arbeidet med tilsetjinga samarbeidd med rekrutteringsfirmaet Headvisor.



## Projectplace i Nye Øygarden kommune

Projectplace er eit brukarvennleg og moderne prosjektstyringsverktøy som gjer det enklare å initiera og gjennomføra prosjekt. I eit så stort prosjekt som Nye Øygarden kommune vil eit slikt verktøy vera viktig for å halda overordna oversikt, sikra framdrift og målet om ny kommune frå januar 2020.

Alle delprosjekta i Nye Øygarden kommune vil ta i bruk Projectplace. Dette gjer at prosjektleiar og prosjektdeltakarane kan gjennomføra prosjekt ved å planleggja prosjektfasar, aktivitetar og milepelar. Store aktivitetar kan brytast ned til spesifikke enkeltoppgåver som kan delegerast til enkelt-personar. Eitt felles verktøy vil gjera dokumentdeling og samarbeid i prosjektet enklare.

Slik prosjektoppbygging skapar oversikt, engasjement og produktivitet hjå prosjektdeltakarane. Prosjektleiar får god oversikt over ressursbehov, måloppnåing og framdrifta til prosjektet.



Nordsjøfartsmuseet i Telavåg, Sund

# Følgjer opp vedtak om eigarskapsmeldinga

Fellesnemnda behandla eigarskapsmeldinga før sommarferien og gjorde eit vedtak på 10 punkt. Det vert prioritert å starta opp og få gjennomført nokre av desse no i haust.

Etter sommarferien har prosjektrådmannen hatt eit innleiande møte med leiinga og tilsettere representantar i FjellVAR AS og Sund VA AS. Jobben som skal gjerast, er å slå saman dei to selskapa i tråd aksjelova. Det var viktig å koma i gang med denne prosessen først.



Vasstårnet på Bjørøyna, Fjell



Kørelen vassverk, Sund

Samstundes skal det greiast ut, slik fellesnemnda har vedteke, kva for renovasjonsløysing som vert vald. Planen til prosjektrådmannen er altså å køyra begge prosessane samstundes (fusjon og konsekvensutgreiing om val av renovasjonsløysing).

Proessen krev juridisk kompetanse på fleire plan som organisasjonen på førehand ikkje rådde over. Difor har det vore gjennomført ein anbudsprosess der prosjektorganisasjonen har etterspurd tenester som kan kvalitetssikra prosess og framdrift:

- Fusjon av selskapa (aksjelova)
- Medverknad og verksemdsoverdraging (arbeidsmiljølova)
- Vurdering og samanlikning av renovasjonstenestene i FjellVAR AS og BIR AS, jf. vedtak i fellesnemnda

Advokatfirma Harris har vunne anbodet og vil hjelpa Nye Øygarden kommune vidare. Arbeidet har starta opp i første halvdel av september 2018 og vil vara fram til prosjekt er i mål. Målet er at eit nytt og

samanslått selskap skal vera klart til å driva frå 1. januar 2020. Frå same tidspunkt skal også framtidas renovasjonsløysing vera klar.

Prosjektrådmannen er medviten og oppteken av at interessene til dei tilsette vert ivaretekne. Deira synspunkt skal koma fram under prosessen. Dette er rettar som er sikra i arbeidsmiljølova, hovudavtalen og forskrifter.

Dei tillitsvalde skal såleis ivaretakast under heile prosessen med relevant og nødvendig informasjon og skal elles medverka i møteprosessen. Prosjektorganisasjonen vil også kunna stilla opp på informasjonsmøte for dei tilsette i dei to selskapa gjennom prosessen der dette måtte vera ønskjeleg.

Dei andre punkta i fellesnemnda sitt vedtaket som ikkje er nemnd her, vil også verta følgd opp utover hausten og inn i 2019. På heimesida til Nye Øygarden kommune kan du lesa om behandlinga i fellesnemnda og vedtak av eigarskapsmeldinga frå junimøtet.

Jarle Kåre Oen



## Kontaktinformasjon

**Rune Lid, prosjektrådmann**

Tlf.: 55 09 77 29

E-post: [rune.lid@nyeoygardenkommune.no](mailto:rune.lid@nyeoygardenkommune.no)

**Vigleik Brekke, redaktør**

Tlf.: 915 81 107

E-post: [vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no](mailto:vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no)



### Lunsjpraten: - Sjølve tenesta er det mest interessante

Uformell lunsjprat  
med arealeininga i  
Sund kommune.



### - God prosjekt- organisering skal sikra framdrift

- Sjølv om ikkje  
kommunalsjefane er på  
plass i haust, stoppar ikkje  
arbeidet opp, seier prosjekt-  
rådmann Rune Lid.